

**Tinderangling til helga?**

20.08.2013

**Innan torsdag må dei melda seg på som vil vera med Ole Vidar Monsen og Geir Nes (97705261 eller 41416158) på tinderangling frå Ænes til Rosendal 24. og 25. august. Det er ein lang tur med ein del høgdemeter og dei som vert med bør ha noko erfaring med lange turar med bør**

Starten er ved Æneskyrkja laurdag og går fyrst til Gygrastol og Lægdekruna, deretter ned til Rundevatnet ved foten av Fonna. Der vert det kanskje overnatting, men alternativet er Vatnastølvatnet der det er godt fiske.

Dag 2 går turen nedover Ænesdalen (biletet), opp mot Lonene og langs ryggen til Nordlifjell og Skålefjell ned til Rosendal